

PERIODISK EMNERAPPORT ENG4310

1. Beskrivelse av og kommentarer til eventuelle avvik fra og endringer i emnebeskrivelsen

Med avvik menes forandringer gjennomført etter undervisningsstart pga uforutsette omstendigheter. Med endringer menes forandringer som er gjennomført og annonsert før undervisningsstart.

ENG4310 Introduction to Anglo-American Literary Theory

Ingen avvik frå eller endringar i emnebeskrivelsen.

2. Kommentarer til kvantitative gjennomføringsdata på emnet (karakterer, stryk, frafall)

Gjennomføringsdata fremskaffes av studieadministrasjonen ved hjelp av FS-rapport 754.001. For emner med mer enn 10 studenter anbefales det at karaktergivning og stryk kommenteres i forhold til gjennomsnittet på faget og fakultetet. Når et emne har vært undervist to eller flere ganger siden forrige periodiske evaluering, kommenteres også signifikante endringer i løpet av rapporteringsperioden.

Kurset er spesielt tilrettelagt for studentar som vil skrive eller vurderer å skrive MA-oppgåve i engelskspråkleg litteratur. Det legg dermed både eit grunnlag for og supplerer ENG4391 – Writing a thesis. Kurset har bestått/ikkje-bestått som evalueringsform. Alle studentane som tok kurset (i første halvparten av semesteret), besto eksamen. Fråfallet var lite og frammøtet jamt over godt.

3. Er det indikasjoner/eksempler på særlig god kvalitet? Hvordan er de fulgt opp?

Her beskrives spesielt vellykkede grep i organiseringen av opptak, undervisning og prøving som andre kan ha nytte av.

Kurset var lagt opp som ein kombinasjon av introduksjon og forelesingar ved læraren, munnlege studentpresentasjonar av pensumtekstane, og diskusjon i plenum. Fleire av dei munnlege studentpresentasjonane hadde høg kvalitet, blant anna gjennom kritikk av den aktuelle forfattarens (teori)posisjon og argumentasjon. Læraren prøvde å følgje opp dette i kommentarane etterpå og gjennom utforminga av plenumsdiskusjonen.

4. Er det indikasjoner på sviktende kvalitet? Hvordan er de fulgt opp?

Her beskrives ev. mindre vellykkede grep i organisering av opptak, undervisning og prøving som andre kan ha nytte av å kjenne til.

Ein kommentar i den periodiske evalueringa er at undervisninga var prega av innlegg frå studentar, og at dette senka kvaliteten på undervisninga. Men i evalueringa som læraren utførte i klasserommet, og som på fleire punkt er meir utfyllande og nyttigare enn den periodiske evalueringa, var mange studentar positive til denne forma for studentaktivering – både fordi dei lærte mykje av presentasjonen dei sjølve var ansvarleg for og fordi presentasjonane ofte resulterte i, og la grunnlag for, interessante og fagleg relevante diskusjonar. (Kopi av klasseromsevalueringa kan leverast om det er ønske om det.)

5. Hva er det fokusert på i denne perioden mht utvikling av studiekvalitet?

Her beskrives oppfølging av forbedringstiltak fra forrige periodiske evaluering og ev. andre relevante tiltak i årsplaner og lignende fra institutt og fakultet.

Kjenner ikkje til at emnet er evaluert på denne måten tidlegare.

6. Forslag til tiltak for å forbedre emnet

Hva er det viktig å fokusere på i fremtiden for å forbedre kvaliteten på emnet i lys av beskrivelsene ovenfor?

I evalueringa som blei gjennomført i klassen, kom det fram ønske om å relatere litteraturteori meir direkte til skjønnlitterære tekstar. Dette blei gjennomført i siste delen av kurset (ved hjelp av Tony Morrisons roman *Sula* og James Joyces novelle "The Dead"). Tilbakemeldingane på dette tiltaket var positive.

Jakob Lothe
22.06.09